

Talemålsprosjekta

Sosiolinguistiske termar

[18.1.15]

Term	Definisjon / forklaring	Termen på andre språk
akkommodasjon	Kortvarig eller langvarig endring av språket etter den ein snakkar med. Endringa kan vere konvergens (tilnærming til samtalepartnaren) eller divergens (der ein fjernar seg frå samtalepartnaren).	
aldersforskyving	Når <i>aldersvariasjonen</i> er eit (tilnærma) resultat av at aldersgrupper tek med seg særdraga sine oppover i alderen (<i>Språkmøte</i> s. 218). Tilsvarar <i>årsklassendring</i> .	
aldersvariasjon	Når ein språkleg variabel viser variasjon mellom aldersklassar (<i>Språkmøte</i> s. 218). Denne variasjonen kan avspegle både <i>årsklassendring</i> og <i>livsfaseendring</i> .	
diffust språksamfunn	Kulturelt heterogent samfunn med lite samlande språknormer (<i>Språkmøte</i> s. 58f.)	
fastsett norm (=vedtatt norm)	Norm fastsett/vedtatt av ein instans, f.eks. Språkrådet eller ein forlagsredaksjon. (<i>Språkmøte</i> s. 90.)	
fokusert språksamfunn	Kulturelt homogent samfunn med samlande og klåre felles språknormer (<i>Språkmøte</i> s. 59)	
førstespråk (morsmål)	Det språket ein lærer å meistre på naturleg måte før <i>språklæringstorskelen</i> .	
grammatisk forenkling	<p>Endring som gir enklare og færre reglar, reglar utan unntak, færre fonem/klassar/alternantar og færre bøyingsklassar. Slik endring gjer delar av språksystemet lettare å lære.</p> <p>Kerswill & Trudgill i Auer et al. (red.): <i>Dialects in Europe. Divergence and convergence</i> (2005: 198): "a decrease in irregularity in morphology and an increase in invariable word forms, as well as the loss of categories such as gender, the loss of case marking, simplified morphophonemics (paradigmatic levelling), and decrease in the</p>	

	number of phonemes". Dei refererer til Siegel (1985: 358): 'Simplification' = "either an increase in regularity or a decrease in markedness"	
grunnleggarprinsippet	At dei første som bur på ein stad med stor tilflytting, innverkar meir på det nye fellesspråket (koinéen) som veks fram, enn det talet på dei skulle tilseie (eng: <i>the Founder Principle</i>).	
historisk endring (generasjonsendring)	Språkendring over tid i samfunnet, og det omfattar både systemendringar og bruksmåteendringar (dvs. både grammatisk endring og sosiolingvistiske mønster). Ulikt <i>livsfaseendring</i> , som er berre eitt aspekt ved historisk endring.	
identitet	Oppfatning av kven ein er definert ut frå ein sjølv og andre; jf. <i>personleg identitet</i> og <i>sosiale identitet</i> .	
innomspråkleg (internspråkleg)	Det som er del av språket, særleg om språkstrukturen (grammatikken).	
innovasjon	Nylaging, at eit nytt språkleg fenomen oppstår	
internalisere	Å lære språklege mønster slik at dei går inn i den automatiserte språkprosesseringa – gjerne utan at ein er bevisst om det.	
internalisering	Når normer/verdiar i samfunnet går over til å bli opplevd som del av individet sitt eige verdisystem og ein psykologisk realitet hos individet og får eiga motivkraft (<i>Språkmøte</i> s. 90)	
internalisert norm	Norm som er integrert i åferd og holdningar hos individua, og som ein til vanleg ikkje har noko bevisst forhold til (<i>Språkmøte</i> s. 90, 180)	
isogloss	Grenser på kartet som viser geografisk utbreiinga av språkdrag	
klitikon	Element som har status "mellom" ord og affiks, ofte som setningsledd i syntaksen, mens de er liksom affikser ved at de ikke kan ha trykk. Jamfør østlandsk <i>je ser'n</i> , der klitikonet ' <i>n</i> ' er objekt i setningen, men ikke kan ha trykk.	
knote	Legge seg etter ein varietet som har høgare prestisje enn den varieteten som er førstespråket (morsmålet). [Brukt i 1698 om bygdefolk som la seg etter bymål eller embetsmannsspråk, kalla dansk.]	
koiné	Språk som veks fram i eit nytt samfunn som produktet av ei blanding av fleire språk	

	som kom til samfunnet.	
leksikalisering	Når et trekk som tidligere kunne beskrives ved en regel, går over til å bli en ikke lenger forutsigbar egenskap ved et større eller mindre sett med ord, f.eks. trykkplasseringa når den ikke ligger på forutsigbar stavelse.	
leksikalsk	Det som gjeld ordforrådet, både om betydning og form. Brukt om det som ikke kan beskrivast generelt, men som må knytast til enkeltord.	
leksikon (<i>ordforråd</i>)	Strukturert nettverk av leksem og idiomatiske uttrykk; ei liste over irregulariteter, altså elementer som må pugges, i motsetning til grammatikken, som inneholder generaliseringene. Et leksionoppslag inneholder opplysninger om uttale (fonologi), ordklasse og ev. bøyning (morphologi) og hvordan det kan kombineres med andre ord (syntaks).	
livsfaseendring	Endring der individet tilpasser seg eit mønster for språkbruk for den livsfasen det er i (<i>Språkmøte</i> s. 218). Dette er særleg vanleg hos yngre og eldre språkbrukarar (Labov 1994: 73). Livsfasane kan vere f.eks. yngre (<30), midaldra (30–59) og eldre (>59). Ulikt <i>historisk endring</i> .	eng.: age grading
livsløpsendring	Endring hos individet der endringane følger hovudtendensen elles i samfunnet ('individual speakers change over their lifespans in the direction of a change in progress in the rest of the community' (Sankoff 2005:1011). Ulikt <i>livsfaseendring</i> , <i>årsklassendring</i> , <i>historisk endring</i> .	eng.: lifespan change; linguistic change across lifespan
naboopposisjon	Det at man overdriver det "hjemlige sprogs særegenheter av frygt for at henfalde til det fremmede" (Larsen (1917: 35)	
normagent	Instansar som har sterkt innverknad på inntrykket av kva som er dominante og vanleg språkbruk. Innanfor skriftmål er det særleg forlags- og avisredaksjonar. Språkmøte s. 177.)	
normaltalemål	Ein talt variant av eit skriftleg standardspråk. (Jamfør standardtalemål 2.)	
normaltalemål (<i>standardtalemål</i>)	Felles talemålsvarietet som det er eit mønster for at folk går over til i visse kommunikasjonsfunksjonar og bruker ved sida av sin opphavlege førstedialekt eller i staden for den.	

normer	Ei tru hos individet om kva som er forventa åferd i kollektivet. (Språkmøte s. 174.) (Normene gjeld åferd, holdningar/oppfatningar og reaksjonsmønster/sanksjonar.)	
operasjonalisere	å gjere eit teoretisk omgrep brukande ved innsamling av empirisk materiale; adj.: operasjonelt.	
ordforråd (<i>leksikon</i>)	Strukturert nettverk av leksem og idiomatiske uttrykk. Et leksikon er dermed ei liste over irregulariteter, altså elementer som må pugges, i motsetning til grammatikken, som inneholder generaliseringene. Et leksionoppslag inneholde opplysninger om uttale (fonologi), ordklasse og ev. bøyning (morphologi) og hvordan det kan kombineres med andre ord (syntaks).	
personleg identitet	Oppfatning av kva som gjer ein unik, altså annleis enn andre; jf. <i>identitet</i> og <i>sosial identitet</i> .	
pidginspråk	Språk utvikla i kontaktsituasjonar der folk med ulike språk må kommunisere med kvarandre f.eks. i samband med handel.	
praksisfellesskap	Fellesskapet utvikla i gjensidig engasjement og uttrykt gjennom felles måtar å gjere ting på, felles verdiar, felles språkbruk etc.	
prestisje	Det som er allment vurdert til å ha høg sosial verdi, og vurderinga er uttrykt som bevisst svar på spørsmål om nettopp det.	
prestisjehierarki	Rangering av dialektar etter <i>prestisje</i> (sosial verdi).	
prestisjespråk	Språkvarietet som det er knytt allmenn høg <i>prestisje</i> (sosial status) til i samfunnet; Ulikt <i>standardspråk</i> .	
prestisjespråk	Språkvarietet som det er knytt allmenn prestisje til i samfunnet. (Ut frå innsamla data i holdningsgranskinger er dialekten frå Oslo Vest eintydig den norske dialekten med mest prestisje. Deretter kjem dialekten i nærmeste regionssenteret. Jf. Sandøy 2013: 135.)	
referansegruppe	Sosialiseringsagentar utafor dei primære, slike som individet har som ideal for eiga åferd. Personane i referansegruppa har gjerne prestisje og makt. (Språkmøte s. 92)	
seinmoderniteten	Den perioden og samfunnsmentaliteten som pregar tida etter at moderniseringa som følgde andre verdskriegen, var over (f.eks. kring 1970); ein periode prega av materiell	

	overflod, globalisering, urbanisering og stor bruk av massemedium.	
sentrumshopp	Den spreingsmåten at ei språkendring går frå sentrum til sentrum (utan at område imellom får språkdraget; jf. spreiing ved <i>bølgemønster</i>)	
sosiale sanksjonar	Positive eller negative tilbakemeldingar frå dei sosiale omgivnadane (Språkmøte s. 92, 175)	
sosialisering	Prosess der individet blir utsett for og suksessivt tileignar seg eit bestemt verdisystem og livsmønster (<i>Språkmøte</i> s. 91)	
sosialiseringsagentar	Instansar som formidlar normene. Primære sosialiseringsagentar: Familie, vennar/jamaldringar, barnehage, skole, sekundære: media. (<i>Språkmøte</i> s. 91)	
sosialt nettverk		
sosialt nettverk	Kretsen av personar ein har sosial kontakt med; kontakten kan vere einsidig eller mangsidig, dvs. vere på ein eller mange sosiale arenaer, og kontaktane kan vere gjensidige mellom fleire personar slik at dei kjenner kvarandre og har meir kontakt innover i nettverket enn utover (tett nettverk), eller dei kan mangle slik klyngestruktur (ope nettverk).	
sosiolingvistisk kompetanse	Evna til å meistre normene for språkleg variasjon i eit samfunn	
spreiing	At språkdrag flyttar seg frå eitt språksamfunn til eit anna.	
språkhaldning	Mønster for å reagere positivt eller negativt på eit språkleg uttrykk, ein språkleg variant eller varietet.	
språkkompetanse	Kombinasjonen av <i>grammatisk kompetanse</i> og <i>sosiolingvistisk kompetanse</i> .	
språkkontakt	Kontakt mellom menneske med ulike dialektar eller språk. Kontakten kan vere av ulike slag, f.eks. reising, handelssamkvem osv. I studiet av språkendringsårsaker bør språkkontakt skiljast frå folkeflytting, der folk med andre dialektar kjem inn i lokalsamfunnet og blir ein del av det.	
språklæringsterskelen	Perioden av livet der ein mistar evna til å lære nye språk/dialektar som morsmål/førstespråk. Ofte sett til alderen mellom 6 og 14 år.	
språksamfunn	Eit samfunn som har felles språklege verdiar, dvs. at medlemmane i samfunnet ikkje	

	treng ha felles språkvarietet, men dei sosiale verdiane knytt til språkvariasjonen skal vere einskaplege.	
standard(skrift)språk/-mål	Skriftmål som er kodifisert (og autorisert) til nokså homogen form og brukt til allmenn skriftleg kommunikasjon i storsamfunnet.	
standardmål/-språk	Ein felles språkvarietet som det er eit mønster for at folk går over til i visse kommunikasjonsfunksjonar. (Sandøy i NLT 1-2009 s. 35.) (Må skiljast frå 'prestisjespråk'.)	
standardtalemål	1) Ein munnleg felles språkvarietet som det er eit mønster for at folk går over til i visse kommunikasjonsfunksjonar. (Sandøy i NLT 1-2009 s. 35.) (Må skiljast frå prestisjespråk.) 2) Ein kodifisert språkvarietet som baserer seg på eit lesespråk, og som fungerer som standard ved at delar av ei befolkning med ulike talemål tileignar seg det som ein heilsakleg talemålsvarietet dei bruker ved sida av sin opphavlege eller i staden for den. (Vikør i NLT 1-2009: 57.). Jamfør òg 'normaltalemål'.	
standardtalemål (<i>normaltalemål</i>)	Felles talemålsvarietet som det er eit mønster for at folk går over til i visse kommunikasjonsfunksjonar og brukar ved sida av sin opphavlege førstedialekt eller i staden for den. Ulikt <i>prestisjespråk</i> .	
symbolsk verdi	Sosial og/eller kulturell konnotasjon eller assosiasjon som er knytt til språklege uttrykk som lydar og ord.	
utomspråkleg (eksternspråkleg)	Det som ikkje er del variabel : Språkleg variabel er to eller fleire uttrykksmåtar (= variantar) som har same semantiske innhald (f.eks. <i>beina</i> , <i>beinene</i> , <i>bena</i> , <i>benene</i>). Ein <i>sosial</i> variabel er ein sosial kategori med alternative, men konstraterande eigenskapar, f.eks. kjønn, sosial klasse.	
variant: Ein verdi (eit alternativ) innom ein variabel.		
varietet, språkleg varietet	Eit språk som ideelt sett har liten variasjon, og som er karakterisert av samhøyrande variantar. (Det siste vil seie at eine varianten føreset ein viss verdi på andre variantar.) Ofte brukt om dialekt eller sosiolekt når omgrepet ikkje skal koplast til geografisk eller	

	sosial variasjon.	
årsklasse	Inndeling gjort på grunnlag av <i>fødselsårsintervall</i> (dvs. visse etterfølgjande <i>årskull</i>) (Fossheim 2011: 57.) Med 30-årsbolkar kan inndelinga f.eks. vere: før 1890, 1890–1919, 1920–1949, 1950–1979, 1980–2010.	
årsklassendring	Endring som skjer frå årskull til årskull (dvs. etter kronologien og ikkje etter livsfasar)	
årskull	Dei individua som er fødd eit gitt årstal.	

Litteratur:

- Fossheim, Marie. 2011. *Språket på Midøya - en sosiolinguistisk oppfølgingsstudie av talemålene på ei øy i Romsdalen*. (Masteroppgåve.) Bergen: LLE.
- Kerswill, Paul & Trudgill, Peter. 2005. "The birth of new dialects." I *Dialect Change. Convergence and Divergence in European Languages*, redigert av P. Auer, F. Hinskens and P. Kerswill. Cambridge: Cambridge University Press: 196–220.
- Labov, William. 1994. *Principles of Linguistic Change. Volume 1. Internal Factors*. Oxford UK og Cambridge USA, Blackwell.
- Sandøy, Helge. 2009. Standardtalemål? Ja, men ...! Ein definisjon og ei drøfting av begrepet. I: *NLT* 1/2009: 27–48.
- Sandøy, Helge. 2013. Driving forces in language change - in the Norwegian perspective. I: Tore Kristiansen & Stefan Grondelaers(red.), *Language (De)standardisation in Late Modern Europe: Experimental Studies*. 125–151.)
- Språkmøte = Mæhlum, Brit & Gunnstein Akselberg & Unn Røyneland & Helge Sandøy: *Språkmøte. Innføring i sosiolinguistik*. (2. utg.) Oslo: Cappelen.
- Sankoff, Gillian. 2005. Cross-sectional and longitudinal studies in sociolinguistics. *An international handbook of the science of language and society*, vol. 2, ed. by Ulrich Ammon, Norbert Dittmar, Klaus J. Mattheier, and Peter Trudgill, 1003–13. Berlin, Mouton de Gruyter.
- Vikør, Lars S. 2009. Begrepet standardtalemål – forsøk på ei opprydding. I: *NLT* 1/2009: 49–66.